



Tingvoll, 9.9.2021

Miljødirektoratet
v/Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

LØYVE TIL FELLING AV SKADEGJERANDE JERV – FJORD KOMMUNE - KLAGE

Dykkar ref 2021/3297, dagsett 21.8.2021/23.8.2021, kunngjort 24.8.2021 på miljøvedtaksregisteret.

Naturvernforbundet klagar på vedtaket. Perioden løyvet var gyldig har gått ut, men vi ønskjer likevel at klaga blir handsama, då det er spørsmål som då vil få ei avklaring for seinare år.

Naturvernforbundet meiner at søknaden skulle ha vore avslått.

Naturvernforbundet kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Det er tidlegare i år felt ei jervtispe på skadefellingsløyve i Fjord kommune. Denne blei felt i forvaltingsområdet for jerv 2.8.2021. Det er så søkt om ytterlegare eit løyve. Også det nye løyvet gjeld areal innanfor forvaltingsområdet. Det høyrer med at det også for eit år sidan blei gjeve skadefellingsløyve i forvaltingsområdet i denne kommunen.

Det er i forvaltingsplanen mål om 3 ynglingar i Møre og Romsdal. Det er i år registrert 5 ynglingar, 3 av dei innanfor forvaltingsområdet. Det tyder at bestanden er der han skal vere etter forvaltingsplanen i forvaltingsområdet. I den grad det er for mange jerv, så finst dei utanfor forvaltingsområdet. Når målet er at forvaltinga skal gje ein jervbestand som i stor grad er føreseieleg, er det ikkje ønskeleg at bestanden blir for liten i forvaltingsområdet, slik at jerv i prioritert beiteområde ikkje kan fellast.

Det skal vidare vere ein tydeleg skilnad når det gjeld praksis for fellingsløyve i forvaltingsområdet og i prioritert beiteområde. Naturvernforbundet meiner at Statsforvaltaren gjer liten skilnad. Vidare skal beitenæringa tilpasse seg at det er jerv i forvaltingsområdet for jerv. Det tyder denne saka på ikkje har skjedd, sidan det er tale om skadar år etter år.

Statsforvaltaren viser til at nemnda har vedtatt kvote på to jerv i forvaltingsområdet for lisensjakta dette året. Det skal nemnast at dette vedtaket var klaga på og klaga var ikkje ferdig handsama. Det er ei ikkje heilt uvesentleg saksopplysing.

I saka kjem det fram at jerven truleg har vore uroa av folk då han var ein tur i Rauma. Det kan tyde på at t.d. forsterka gjeting kan ha noko føre seg for å førebygge skadar. Det kan også tyde på at andre moglege tiltak ikkje er prøvd i saka. Då vil felling ikkje vere i samsvar med naturmangfaldlova og konvensjonane.

Elles er skildringa av området det kan drivast jakt på av ein slik kvalitet at det er uråd for andre enn saueeigar å vite kvar denne jakta kan gå føre seg. Dette vil kunne skape ein del problem mellom anna

viss det blir felt dyr. Statsforvaltaren må skildre eit slikt område både eintydig og slik at andre er i stand til å finne ut av kvar området er.

Vi spurde Statsforvaltaren etter kart, og fekk eit tilsendt, men framleis var det vist til eit areal som ikkje er allment definert: *«løyvet er berre gyldig i den delen av beiteområdet dyreeigar sjølv har dyr.»*

Det finst ei formulering for vurdering av om arten vil overleve ei felling. Bestanden av jerv som dette gjeld er ein del av den sørvestlege delbestanden. Det er eit behov for samordning med spesielt Oppland, slik at ein har eit meir samla oversyn på dette punktet. Det er fleire skadefellingssøknader på den same delbestanden omtrent til same tid (Stranda, Skjåk, Lesja og Oppdal?).

Konklusjon:

Beitebrukarane har ikkje i nødvendig grad tilpassa seg beiting i forvaltingsområdet for jerv. Moglege tiltak for å unngå skade er ikkje gjennomført. Vedtaket er mangelfullt når det gjeld gyldigheitsområde.

Med helsing

Øystein Folden